

Tilskotsbrev 2021 - tilskot til sommarskoletilbud

I statsbudsjettet for 2021 er det gjeve ei løyve på 500 millionar kroner til tilskot til nye og utvida sommarskoletilbud grunna koronapandemien.

Om tilskotet

Midlane skal bidra til oppretting av nye sommarskoletilbud i kommunen eller til utviding av eksisterande tilbud, og skal ikkje finansiere eksisterande lokale tilbud. Målet er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skolens sommarferie i 2021, og at elevar kan få høve til fagleg påfyll. Tilskotet skal nyttast i perioden skolen har sommarferie. Om kommunen ser at det ikkje er mogleg å bruke heile tilskotet i løpet av sommaren kan kommunen velgje å nytte delar av tilskotet i skolens påskeferie. Tilbud som gis i skolens påskeferie skal ha same formål som sommarskoletilbudet, og kommunen kan inngå samarbeid på lik linje som for sommarskole.

Tilbud om sommarskole må tilpassast lokale forhold og kan være ulik frå kommune til kommune. Tiltaket gir kommunen høve til å legge til rette for sommaraktivitetar som kan bidra til eksempelvis fagleg utbytte og til å motivere f.eks. elevar som er i overgangen mellom barneskole og ungdomsskole eller i overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande opplæring. Tilskotet kan og bidra til å styrke tilbodet til elevar innanfor dei områda som er omfatta av regjeringa sin områdesatsing.

Kommunen kan inngå samarbeid med idrettslag, kulturskolar, foreiningar, leirskolar osv. tilpassa sine lokale forhold. Det er òg høve til interkommunale samarbeid om sommarskoletilbud. Den enkelte kommune i samarbeidet må likevel søkje om tilskot på sjølvstendig grunnlag.

Tilskotet kan også nyttast til sommarskoletilbud som kommunen tilbyr i samarbeid med eller kjøper av eksterne aktørar. Føresetnadene for tilskotet, som at det skal være nye eller utvida sommarskoletilbud og at tilbodet skal være gratis for elevane, gjeld også ved slikt samarbeid, samt at kommunane må halde seg til regelverk om offentlege anskaffingar.

Kriterium for tildeling

- Kommunen må søke om tilskot.
- Tilbud om sommarskole gis til elevar i grunnskolen som er busett i kommunen. Dette gjeld både elevar i kommunal grunnskole og elevar i private og frittstående skoler.
- Sommarskole skal ikkje erstatte eller påverke den ordinære grunnskoleopplæringa.
- Dei sommarskoletilboda som finansierast av tilskotet er gratis for elevane.
- Tilskotet skal nyttast til å dekke utgifter knytt til nye sommarskoletilbud, eller til utviding av eksisterande tilbud.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til å finansiere eksisterande lokale tilbud om sommarskole.

Alle kommunar er tildelt ei ramme, og fordelinga mellom kommunane er basert på elevtalet på 1.-10. trinn registrert i GSI per 1. oktober 2020. Midlar som blir frigjort dersom det er kommunar som ikkje søker om tilskot, blir fordelt til andre kommunar. Kommunar som inngår i regjeringa områdesatsing og kommunar som har hatt høgt smittetrykk skoleåret 2020-2021 blir då prioritert.

Tilskot

Sogndal kommune har søkt om tilskot til sommarskole.

Basert på søknaden, og frigjorte midlar frå kommunar som ikkje har søkt om tilskot, gir Utdanningsdirektoratet følgjande tilsegn om tilskot:

Grunnlag	Antall	Periode	Sats	Beløp
Tilskudd til sommarskole	1283800,00	Jan-Des	–	1 283 800,00
Totalt:	1283800,00			1 283 800,00

Tilskotet vert utbetalt til Sogndal kommune (org.nr. 922 121 893). Beløpet vert overført til kontonummer 3705 40 15462 ultimo mars.

Rapportering

Tilskotsmottakar skal etter å ha mottatt eventuell førespurnad frå Utdanningsdirektoratet rapportere på:

- Talet på nye tilbod om sommarskole som har blitt oppretta
- Talet på eksisterande tilbod om sommarskole som har blitt utvida
- Talet på elever som har deltatt på sommarskole totalt
 - Kor mange elevplassar ble finansiert av tilskotet
- Talet på elevar fordelt på alderstrinn
- Andre instansar kommunen har samarbeidet med
- Måten sommarskolen var bemanna

Tilsegn om tilskot er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2021.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta i samsvar med dei fastsette vilkåra, jf. § 10 i Bevillingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos tilskotsmottakar for å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Sogndal kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskotet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskot eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller i utbetaling av tilskotet kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskot kan krevjast betalt tilbake til Utdanningsdirektoratet.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratet si nettside udir.no.

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen
avdelingsdirektør

Stig Lodve Janbu
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent

Postadresse:

Postboks 9359 Grønland 0135 Oslo

Telefon:

+47 23 30 12 00

E-post:

post@udir.no

Internett:

www.udir.no

Org.nr.:

NO 970 018 131